

No må også herrene stilla opp og ta eit krafttak for aktivitetshuset i Uskedalen. Dei er kraftig utfordra av Aktivitetshusets Damevenner i spalta for "lag og foreningar" (sjå denne). Der søker damevennene etter ein herreavdeling. Dei ni vennene gjer ein kjempeinnsats og skaffar tett innpå 100.000 kroner i året til det gode føremålet. Kvifor skal karane vera dårlegare?

- Men kvifor er ikkje karane med allereie?

Uskedalen.no stilte spørsmålet til leiar og frisør Klara Bakke medan ho stelte loddane til medlem Hildegunn Klette torsdag føremiddag.

- Det er ei logisk, historisk forklåring på dette, svara dei to og heldt fram:

- Karane bar bora frå starten og Ellen Schwenche og Gunvor Myklebust tykte at også kvinnfolka burde vera med og bera. Difor starta dei damevennene. Men etterkvart har situasjonen vorte heilt omsnudd, og det er det vi ynskjer å gjera noko med. No må herrene inn att og gjera ein jobb som ikkje vi maktar.

- Kor mange herrer ynskjer så damene? Det står i kunngjeringa at dei skal vera til "sams nytte, hygge og avlastning". Dette blir visst ei krevjande oppgåve.....

- Det bør minst vera ein herre til kvar av oss, humrar Klara og Hildegunn.

- Dei bør vel ha bestemte yrke for å gjera nytte for seg?

- Vi tek sjølvsagt dei vi får, men vi set særleg pris på å få inn ein elektrikar, ein røyrløggjar og ein kokk. Det er særst viktig at dei er store og sterke. Aller mest ynskjer vi karar som kjem inn under samleordet "handymen".

- I kunngjeringa dykkar står det elles noko kryptisk at herreavdelinga " bør kunna omgås menneskje i alle slags former og forfatningar". Kva i all verda meiner dykk med det?

- Omsett til vanleg norsk tyder det at vi treng folk til vakthald på dansefestane.

- Og så står det at "alder er ikkje noko hinder"....

- Ja, vi treng også unge gutar, dei kan til dømes selja lodd.

- Og kva har så damevennene på programmet framover?

- Vi snakkar om ein vennefest, men den er førebels noko laus i kantane. Så kjem den store julemarknaden som vi starta i fjor og som skal bli ein tradisjon. Lotteri er nevnt og så er det sjølvsagt ein ny aktivitetsdag til sommaren.

Men i samband med kunngjeringa om herreavdelinga er det viktig å få fram at vi heller ikkje seier nei takk til fleire damer!

- Og alle herrene som no kjenner eit "samvittighets-stikk" i hjarterota bør senda søknad?

- Ja, med bilag av CV og helst også bilete.

Men når du er inne på stikk – det kraftigaste sticket bør Kvinnherad kommune kjenna!

Sjå også [lag og organisasjonar](#)

Av Ola Matti Mathisen